
Saksnr: 2020/41070-11
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe
Dato: 03.03.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Idrettsklynge Vest - rapport frå "Kroppsøvingsprosjektet"

Idrettsklynge Vest (IKV) er ei samarbeidsklynge sett saman av åtte tunge aktørar innan fysisk aktivitet, idrett og helse i Bergens- og Vestlandsregionen: Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Idrettskretsen Vest, Olympiatoppen Vest, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Sportsklubben Brann og Haukeland Universitetssjukehus. IKV legg til rette for samarbeid og møtepunkt på tvers av organisasjonane for å sikre kompetanseutvikling og kompetanseformidling i og utanfor organisasjonen.

IKV har fleire møteplassar som jobbar med ulike aspekt av fysisk aktivitet, idrett og folkehelse. Ei av gruppene har tittel «Styrke kroppsøvfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule». Satsingsgruppa, består av medlemmer frå alle dei åtte aktørane i IKV, og jobbar med ulike prosjekt som m.a. har mål om å styrke posisjonen til kroppsøvfaget. Eit av prosjekta har vore «Kroppsøvfagsprosjektet», som har hatt som mål å auke deltaking og gjennomføring av kroppsøving på yrkesfaglege linjer i den vidaregåande skulen.

Prosjektet er i tråd med regjeringa sitt mål i «Kompetanseplattformen - Lære hele livet» (Meld. St. 14, 2019-2020) om at 9 av 10 elevar skal fullføre og bestå vidaregåande skule.

Prosjektet er ei vidareføring av IKV-prosjektet «Os-modellen» som vart avslutta våren 2018. I Os-modellen gjennomførte Os Vidaregåande skule i samarbeid med IKV fleire tiltak som hadde effekt på fråfallsstatistikken på skulen.

Gjennom arbeidet med Os-modellen vart det også kjent at kroppsøvfaglærarar opplever utfordringar til bruk og utforming av legeerklæringar knytt til fråvær i kroppsøving. Denne problemstillinga er en sentral del av «Kroppsøvfagsprosjektet», der fleire av prosjekttiltaka har til hensikt å løyse delar av utfordringa.

Kroppsøvfagsprosjektet er dermed delt i to målområder:

- 1) Lokale tiltak for å auke deltaking i kroppsøving på prosjektskulane
 - 2) Tiltak for å betre samhandling mellom skule og helsevesen
- Prosjektet starta hausten 2019 og er evaluert februar 2021.

Prosjektet er finansiert gjennom midlar frå Vestland fylkeskommune (tidlegare Hordaland Fylkeskommune), Helse Bergen ved Energisenteret for barn og unge og IKV.